



Jørn Fanebust
Fonnebostvegen 174
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15464 - 20/56869

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
11.09.2020

Uttale frå landbruk nytt reiskapshus GBNR 106/5 Fanebust

Jørn Fanebust har bede om ein uttale i samband med at han ynskjer å riva løa på bruke tog føra opp eit reiskapshus på dei gamle grunnane.

Behovet er grunngeve med at han har traktor, hengar, vedmaskin m.m. som treng å stå under tak og han treng å ha plass til reperasjonar og vedlikehald av dette utstyret. Dette er utstyr han treng i stell og vedlikehald av jord, skog og bygningar på garden. Bygget kan og brukast til å vedtørke.

Den gamle driftsbygningen er ikkje tidsmessig og fyller ikkje trongen til dagens drift har for driftsbygning. Søkjar oppgjev at løa ikkje er verneverdig. Slik landbruksavdelinga ser på saka er det nye bygget naudsynt for å ivareta produksjonsgrunnlaget på bruket og ein viktig del av arealressursane på bruket. Det nye bygget vil stå på grunnane til den gamle løa og legg ikkje beslag på meir areal enn før. Nybygget vil og tilføra bruket ein verdi med at det kjem eit nytt og meir tenlege bygg som kan vera ein ressurs for framtidig drift.

Aralet rundt bygningen er registret som bebygd/samferdsel i gardskartet. (rosa farge)



Landbruk meiner at bygget ligg innanfor landbruksføre målet (LNF) og det difor ikkje er naudsynt med dispensasjon. Det som søkjast om riving og gjenoppføring etter plan- og bygningslove.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jørn Fanebust

Fonnebostvegen 174

5955

LINDÅS